

Årsrapport 2004

Utlendingsdirektoratet

NYNORSK



Januar

- Innføring av 48-timersprosedyren for asylsøkjere med truleg grunnlause søknader
- Stortingsmelding nr. 21 (2003–2004) Styringsforhold på utlendingsfeltet

- Bortfall av butilbod. Personar som har fått endeleg avslag på asylsøknad, har ikkje lenger krav på mottaksplass.
- Opning av BAZAR, ein fleispråkleg nettstad utvikla av Deichmanske bibliotek

Februar

- Forslag om å opprette Likestillings- og diskrimineringsombod

- Lansering av det elektroniske søkjevertøyet Busettingshjelparen, som skal gjere det lettare for flyktningar å busette seg i ein kommune basert på egne ønske og planar og tilbodet i kommunen

Mars

- På oppdrag frå UDI legg Fafo (Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning) fram ein rapport om handel med kvinner

- Utviding av sesongarbeidsløve frå tre til seks månader



April

- UDI gjev ut ei serviceerklæring

- Vårkonferansen til UDI: "Mellom to heimland – hvilke krefter styrer integreringsprosessen?"



Mai

- EU/EØS blir utvida med ti nye land. Noreg innfører overgangsordningar for arbeidstakarar frå åtte av landa.



- UDI lanserer undervisningspakke for ungdomsskulen om fordommar, flukt og fellesskap i kommunar som har busett flyktningar frå Liberia

- Avgjerd om at rundt 30 asylmottak skal leggjast ned i 2004

Juni

- Innføring av krav til reise- og sjukeforsikring for å få visum

- Oppjustering av gebyr for å søkje om opphaldsløve og statsborgarskap til høvesvis 800 og 2 000 kroner

- www.udi.no er mellom dei tre beste i ein konkurranse om årets statlege nettstad

- Utrop, den første fleirkulturelle avisa i Noreg, kjem ut 15. juni

- Verdas flyktningdag 20. juni



Juli

- 1. juli blir det innført saksbehandlingsgebyr som alle som søker om visum til Noreg, skal betale

- Fafo-rapporten "Hvordan gikk det etterpå?" viser at flyktningar som er med i introduksjonsprogram, kjem raskare i ordinært arbeid enn andre flyktningar

August

- Regjeringa bestemmer seg for å utvide kvoten for overføringsflyktningar frå 750 til 1 000 for 2005



- Selskapet PLS Rambøll Management legg fram ein rapport med forslag om alternative organisatoriske modellar for å få det langsiktige arbeidet med integrering av innvandrere i Noreg meir i fokus

- UDI deltek på den fleirkulturelle mønstringa Mela på Rådhusplassen i Oslo

September

- Introduksjonsordninga blir obligatorisk for alle kommunar frå 1. september



- UDIs Opplysningssteneste for søkjarar utvidar opningstida

- www.bip.no, innvandringsportalen for barn og ungdom, blir lansert

- Handlingsplanen til regjeringa mot handel med kvinner og barn (2003–2005)

- Landskonferansen for innvandringsorganisasjonar, "Good practices innen organisasjonenes nettverksbygging"

Oktober

- Stortingsmelding nr. 49 (2003–2004) Mangfold gjennom inkludering og deltakelse blir lagt fram



- 19. oktober leverer Utlendingslovutvalet forslag til ny utlendingslov, NOU 2004: 20, til Kommunal- og regionaldepartementet

- UDI arrangerer fleire seminar for aktuelle busetjingskommunar om integrering av flyktningar frå Burma/Myanmar



Foto: Elmer Laahne

- UDIs konferanse om tolking i offentlig tenesteyting: "Hvordan overholde informasjons- og veiledningsplikten i kommunikasjon med minoritetsspråklige?"

- "Innvandrere i Norge – hvem er de, og hvordan går det med dem?" – to rapportar frå Statistisk sentralbyrå (SSB) om demografien og livsvilkåra til innvandrane blir lanserte

November

- UDI, Kommunenes Sentralforbund (KS) og Husbanken gjennomfører ein felles busetjingsaksjon i perioden 15. august til 15. november. Det fører til at 953 einslege flyktningar får bustad i ein kommune på kort tid.

- Fleire faktaark med informasjon om regelverk og søknadsprosedyrar blir lanserte på 19 språk. Faktaarka er tilgjengelege på www.udi.no



- Informasjon om rettane til kvinner som søker om å bli førte saman att med familie som er busett i Noreg, blir formidla via ambassadane

- EU-toppmøtet vedtek eit fleirårig program for justisområdet (Haag-programmet), der eit forsterka samarbeid om asyl- og innvandringspolitikken er ein viktig del

- UDIs erfaringskonferanse om einslege mindreårige asylsøkjere og flyktningar

- Etablering av kompetanseteam mot tvangssekteskap, med representantar frå UDI, politiet og Raudekrossen i Noreg

Desember



Foto: CF-Wesenberg

- Kommunal- og regionalminister Erna Solberg offentliggjør innstillinga om at det skal opprettast eit nytt direktorat: Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

- Stortinget sluttar seg til forslaget frå regjeringa om å lovfeste opplæring i norsk og samfunnskunnskap for innvandrere. Ordninga gjeld frå 1. september 2005.

- Regjeringa får fleirtal for at familiedlemmer til personar som får opphald på humanitært grunnlag, ikkje lenger skal ha rett og plikt til introduksjonsprogram

- Regjeringa vedtek at alle aktuelle asylsøkjere skal skrive under på ei eigen erklæring som informerer om blant anna lovforbodet mot kjønnslemlesting og tvangssekteskap

- Etter vedtak i Stortinget blir det oppretta ei eiga eining, Utlendingsforvaltningsfageining for landinformasjon (Landinfo), frå 1. januar 2005

- Frå 1. januar 2005 erstatter eit utvida informasjons- og rettleiingsprogram fri advokathjelp i første instans for asylsøkjere

- Informasjonsarbeid i samband med flodbølgekatastrofen i Soraust-Asia

TILBAKEBLIKK PÅ 2004

Hendingskalender 2004

Utlendingsdirektoratet i mål, verdier og tal 4

Direktørens kommentar 5

Utlendingsforvaltninga i Noreg 6

UDIs måloppnåing i 2004 8

MIGRASJON

Mot ei meir heilskapleg migrasjonsforståing 10

Arbeidsinnvandring – meir merksemd og stor aktivitet 12

Dei fleste kjem på grunn av familie 14

Integreringsreform og færre asylsøkjjarar 16

Busetjing og integrering av flyktningar 18

Like moglegheiter i Noreg 20

Utlendingsfeltet – status og framtid 23

ORGANISASJON OG ØKONOMI

Nøkkeltal og rekneskap 24

Organisasjon og leiging 26

Hovudmåla til Utlendingsdirektoratet

UDI skal behandle alle saker og oppgåver innan akseptabel tid

UDI skal gje tilfredsstillande brukarservice

UDI skal utvikle ein fleksibel organisasjon

Kjerneverdiane til Utlendingsdirektoratet

Menneskeverd

Menneskerettane, FN's flyktningkonvensjon og andre konvensjonar Noreg har slutta seg til, er internasjonale uttrykk for ein menneskeverdstankegang som er styrande for alt arbeid UDI gjer. Menneskeverd understrekar at oppgåvene til direktoratet er knytte til menneske. Direktoratet har eit stort ansvar fordi så mange av vedtaka er så viktige for enkeltpersonar. Direktoratet si satsing på god kommunikasjon og service speglar òg at menneskeverd er ein kjerneverdi for UDI. Prioriteringa av menneskeverd rettar seg på same måten mot interne prosessar og skal gjelde dei tilsette så vel som eksterne aktørar.

Profesjonalitet

Profesjonalitet understrekar at UDI er ein del av statsforvaltninga og skal utføre oppgåvene sine i samsvar med lover og reglar. I mange saker opnar regelverket for bruk av skjønn, og det er eit viktig mål for UDI å utøve dette skjønnet rett. Direktoratet ønskjer å bli oppfatta som eit profesjonelt forvaltningsorgan der fagleg dugleik og kompetanse dannar grunnlaget for objektive og saklege avgjerdar. Profesjonalitet inneber òg at dei tilsette i direktoratet må vere fagleg dyktige og ha rett kompetanse.

Heilskap

Heilskap understrekar samspelet mellom dei ulike arbeidsoppgåvene, målforståing, metodar og verdiar, og spenninga mellom regulert/kontrollert innvandring på den eine sida og tilrettelegging for integrering på den andre. Heilskap fordrar i tillegg bevisste prioriteringar for å avvege omsynet til kvalitet og kvantitet i oppgåveløysinga på ein god måte. Heilskap er òg å bidra i samfunnsdebatten for å skape ei sakleg og balansert framstilling av utlendingsfeltet. UDI legg vekt på å bidra til ein debatt som tek omsyn til at Noreg i globaliseringstidsalderen flyttar seg frå ei ein-sidig fokusering på grensekontroll til heilskapleg migrasjonsforvaltning.

Verdiane – eit retningsgjevande verktøy

Omgrepa er forpliktande og krevjande. Dei legg eit ansvar på kvar enkelt tilsett i direktoratet, og særleg på leiinga, for å yte noko ekstra i arbeidet med arbeidsoppgåvene. Til saman utgjer verdiane eit retningsgjevande verktøy som hjelper direktoratet til å utvikle og setje i verk ein human innvandrings-, integrerings- og flyktningpolitikk.

NØKKELTAL

- UDI forvalta totalt eit budsjett på om lag 5 168 millionar kroner. Av dette gjekk om lag 463,7 millionar kroner til drifta av direktoratet
- UDI behandla 12 500 søknader om asyl
- UDI behandla 59 700 andre arbeids- og opphaldssaker
- 8 800 søknader om statsborgarskap blei behandla av UDI
- Talet på bebuarar i asylmottak var i gjennomsnitt 14 300 gjennom året
- 4 200 flyktningar fekk asyl, vern eller opphald av humanitære årsaker (inkludert kvoten av overføringsflyktningar)
- 5 500 flyktningar og familiesameinte til flyktningar blei busette i kommunane
- 12 800 personar fekk godkjent familieinnvandring
- 33 000 fekk arbeidsløyve (4 900 av dei fekk løyve til sesongarbeid i inntil seks månader)

EI VANLEG VEKE I UDI

- 1 500 nye saker
- 1 500 endringar i andre saker
- 7 000 innkomne telefonar
- 170 000 sidetilvisingar på Internett
- 625 besøk i resepsjonen
- 4 000 førespurnader til Opplysningstenesta for søkjarar
- 55 presseførespurnader



“Engasjementet vårt for å få fram heilskapen i migrasjonsforvaltninga ser ut til å bere frukter”

Etter at vi ved årsskiftet presenterte UDIs årsstatistikk for 2004, skreiv Aftenposten på leiarplass: ”[...] det er meget spennende tall Utlendingsdirektoratet presenterer for migrasjonsåret 2004.” Aftenposten peikte på at innvandring handlar om mykje meir enn asyl. Særleg trekte avisa fram at familieinnvandring knytt til norske statsborgarar fortener større merksemd enn det har fått til no. Også andre i media kommenterte samanhengane mellom ulike former for migrasjon. Avisa VG var til dømes oppteken av profilen på arbeidsinnvandringa til Noreg.


Dette er gledeleg av fleire grunnar. For det første inneber det at engasjementet vårt for å få fram heilskapen i migrasjonsforvaltninga ser ut til å bere frukter. For det andre ser vi at stadig fleire søker til UDI for å få kunnskap om migrasjon. Tala og samanhengane som det blei skrive om i avisene, er grundig omtalte i denne årsmeldinga og i vedlegget med tal og fakta som blir presentert samtidig.

På produksjonssida representerer 2004 ein ny tendens: Talet på asylsaker til behandling blei redusert med 50 prosent. Talet på saker til behandling på opphaldssida blei redusert med 40 prosent. Det vil seie at vi har hatt høve til å betre kontakten med og servicen overfor søkjarane.

Tilbakemeldingar frå organisasjonane i næringslivet viser at dei er fornøgde med servicen og informasjonen frå UDI i samband med rekruttering av utanlandsk arbeidskraft. Dette er noko vi sjølv sagt skal utvikle vidare.

2004 representerer nye grep når det gjeld integrering. Dei lovfesta introduksjonsordningane blei gjorde obligatoriske for kommunane. Tilbakemeldingane er også her at det faglege innhaldet som gjennom mange år har vore førebudd og utvikla i UDI, fungerer godt.

2004 blei året då regjeringa bestemte seg for å skilje ut integreringsarbeidet i eit eige, nytt direktorat frå 1. januar 2006. Tilsette og leiarar i UDI støttar heilhjarta denne reforma, og vi vil gjere vårt ytste for at det nye direktoratet for integrering og mangfald skal få ein optimal start. utfordringa i denne samanhengen for UDI, som skal arbeide vidare med reguleringsoppgåvene, blir å oppretthalde fokus på at også reguleringsarbeidet må ta sin del av ansvaret for å sikre integrering og mangfald.


Trygve G. Nordby
Direktør

Internasjonale plikter og samarbeid

Internasjonale konvensjonar som blant anna FN's flyktningkonvensjon, Den europeiske menneskerettskonvensjonen, Rasediskrimineringskonvensjonen og Barnekonvensjonen legg føringar for norsk politikk og praksis på arbeidsfeltet til UDI. Noreg har eit tett samarbeid med EU gjennom Schengen-avtalen og Dublin-konvensjonen. Døme på viktige samarbeidspartnarar for UDI på internasjonalt nivå er FN's høgkommissær for flyktningar (UNHCR) og International Organization for Migration (IOM).

Sektoransvarsprinsippet

I norsk forvaltning er det eit sentralt prinsipp at ei offentleg sektormyndigheit har ansvaret for å syte for eit likeverdig tilbod på sitt område. Eit illustrerande døme er ein kommune der det ligg eit asylmottak. Her har kommunale utdanningsmyndigheiter ansvaret for at barna i asylmottaket får eit forsvarleg skuletilbod. Tilsvarande har kommunale helsemyndigheiter ansvaret for eit forsvarleg helsetilbod til mottaksbebuarane. Kommunen får tilskot frå staten til dette arbeidet. På statleg nivå har Utdannings- og forskingsdepartementet (UFD) og Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) med underliggjande faginstansar ansvar for å følgje opp den lokale gjennomføringa av oppgåver på sine område. Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) og UDI har ei viktig pådrivarrolle overfor andre offentlege myndigheiter i dette arbeidet.

Utlendingsdirektoratet (UDI) er den sentrale etaten i utlendingsforvaltninga i Noreg. UDI har som overordna mål å bidra til å setje i verk og utvikle ein human innvandrings-, flyktning- og integreringspolitikk som er godt politisk og rettsforankra, med tillit hos brukarane og i befolkninga generelt. For å lykkast i dette arbeidet er UDI avhengig av eit velfungerande samarbeid og ein god dialog med resten av utlendingsforvaltninga, andre offentlege innstansar, frivillige organisasjonar og ikkje minst organisasjonane til innvandrarbefolkninga sjølv.

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD)

KRD har det overordna ansvaret for flyktning-, innvandrings- og integreringspolitikken. Departementet styrer UDI og Utlendingsnemnda (UNE) blant anna gjennom lov, forskrift, budsjett og tildelingsbrev. Departementet legg òg rammer for integreringsarbeidet til kommunane gjennom introduksjonslova og gjennom å fastsetje storleiken på integreringstilskotet som kommunane får i samband med busetjing av flyktningar.

Utlendingsnemnda (UNE)

UNE er eit frittstående, domstolliknande forvaltningsorgan som behandlar klager på UDIs vedtak, etter utlendingslova og utlendingsforskrifta. Nemnda er administrativt underlagd KRD. Utlendingsnemnda er overordna UDI som lovtolkande organ, og praksisen i nemnda er retningsgjevande for praksisen i UDI.

Utlendingsforvaltningas fageining for landinformasjon (Landinfo)

Eininga har som oppgåve å hente inn og analysere informasjon om samfunnsforhold og menneskerettar i land som UDI, UNE og KRD treng kunnskap om. Landinfo erstattar tilsvarande einingar i UDI og UNE. Eininga er fagleg uavhengig, men administrativt tilknytt UDI.

Politiet

Politiet har ansvaret for ei rekkje oppgåver på utlendingsfeltet, både i asylsaker og i andre saker. Viktige oppgåver er mottak og behandling av enkelte opphaldssaker, registrering og identitetskontroll i asylsaker, grensekontroll og arbeid mot ulovleg innvandring og ulovleg opphald, og dessutan uttransportering av avviste asylsøkjjarar og andre utlendingar som oppheld seg ulovleg i landet. Politiet er underlagt Justis- og politidepartementet (JD).

Kontaktutvalet mellom innvandrarar og myndigheitene (KIM)

Kontaktutvalet mellom innvandrarar og myndigheitene er eit regjeringsoppnemnt utval som skal gje myndigheitene råd i saker som gjeld innvandrarar, og føre dialog mellom innvandrarar og myndigheitene. I kontaktutvalet sit alle medlemmene i Innvandarforum i tillegg til representantar for sentrale myndigheiter, dei politiske partia på Stortinget og Kommunenes Sentralforbund.

Utanrikstenesta

Utanriksstasjonane til Noreg spelar ei viktig rolle som førstelinjeteneste for utlendingar som ønskjer å vitje eller flytte til Noreg. Informasjon om regelverk og prosedyrar, behandling av søknader om besøksvisum og mottak og førebuing av søknader om visum og opphald som skal behandlast av UDI, er blant oppgåvene utanriksstasjonane har. Utanriksstasjonar i land det kjem asylsøkjjarar frå, rapporterer også til Landinfo om menneskerettsforhold. Ved behov verifiserer dei konkrete opplysningar i asylsaker på vegner av UDI og UNE.

Kommunesektoren

Kommunane er sentrale i arbeidet med å leggje til rette for integrering og mangfald på lokalplan. Kommunane buset flyktningar i samarbeid med UDI og Kommunenes Sentralforbund. Frå 1. september 2004 blei integreringsarbeidet i kommunane for første gong lovregulert gjennom introduksjonslova. Kommunane skal også syte for at det generelle kommunale tenestetilbodet er tilpassa ei fleirkulturell befolkning.

Utlendingsdirektoratet (UDI)

Nokre av kjerneoppgåvene til UDI er å sikre at flyktingar får vern gjennom vurdering av asylsøknader, at asylsøkjalar får eit butilbod, og busetjing av flyktingar som får opphald. Vidare bidreg UDI til å syte for regulert innvandring gjennom å behandle søknader om ulike opphalds- og arbeidsløyve. UDI bidreg til å sikre like moglegheiter for alle gjennom eit overordna ansvar for å integrere innvandrarar og flyktingar i det norske samfunnet og ved å bidra til arbeidet med å motverke rasisme og diskriminering. UDI har som den sentrale etaten i utlendingsforvaltninga eit ansvar for å følgje opp andre delar av forvaltninga for å få ein mest mogleg velfungerande heilskap.

Asylavdelinga

Hovudoppgåva til avdelinga er å behandle søknader om asyl med tanke på å gje vern til dei som kvalifiserer for det. Avdelinga er òg med på å utvikle regelverket på asylfeltet. Ved utgangen av 2004 hadde avdelinga 150 faste stillingar og 77 mellombelse stillingar.

Opphaldsavdelinga

Hovudoppgåva til avdelinga er å behandle saker som blant anna gjeld arbeidsløyve, familieinnvandring, visum, studieløyve, statsborgarskap og utvising. I tillegg er avdelinga med på å utvikle regelverket på opphaldsfeltet. Ved utgangen av 2004 hadde avdelinga 128 faste stillingar og 70 mellombelse stillingar.

Integreringsavdelinga

Avdelinga er hovudansvarleg for det arbeidet UDI gjer for å gje asylsøkjalar eit butilbod (asylmottak) mens søknaden blir behandla, for busetjing av flyktingar i kommunane og for direktoratet sitt arbeid for integrering i det norske samfunnet. Ved utgangen av 2004 hadde avdelinga totalt 140 faste stillingar og 32 mellombelse stillingar. Av desse var 95 faste

stillingar og 20 mellombelse stillingar ved dei seks regionkontora til UDI.

Avdeling for fagleg strategi og koordinering

Avdelinga har ansvar for å utvikle regelverket på utlendingsfeltet og samordne UDIs deltaking i internasjonalt samarbeid. Avdelinga har dessutan ansvar for direktoratets arbeid med statistikk og analyse. Ved utgangen av 2004 hadde avdelinga 45 faste stillingar og 3 mellombelse stillingar.

Administrasjonsavdelinga

Avdelinga har ansvar for økonomi, menneskelege ressursar, informasjonssystem, tryggleik, krise- og beredskapsplanar, kontorfaglege tenester og drift av bygg. Ved utgangen av 2004 hadde avdelinga 104 faste stillingar og 10 mellombelse stillingar.

Kommunikasjons- og serviceavdelinga

Arbeidsfeltet til avdelinga er allment kommunikasjons- og servicearbeid retta mot samfunnet, media og søkjarane UDI arbeider med, og dessutan samordning av overgripande informasjonsspørsmål, utvikling av kommunikasjonsstrategiar, service og interninformasjon. Ved utgangen av 2004 hadde den dåverande informasjonseininga 8 faste stillingar og 9 mellombelse stillingar. Frå 1. mars 2005 blir det etablert ei Kommunikasjons- og serviceavdeling, som tek over førstelinjetenesta: Opplysningstenesta for søkjarar, sentralbord og skrankefunksjonar.

Staben til direktøren

Staben til direktøren assisterer direktøren i leinga av direktoratet og arbeider blant anna med organisasjonsutvikling, leiarutvikling og konkrete utviklings- og utgreiingsoppgåver, og tek seg av forkontoret til direktøren. Ved utgangen av 2004 hadde staben 5 faste stillingar.

Det regionale apparatet til UDI

Dei seks regionkontora til UDI utfører ei rekkje av arbeidsoppgåvene til direktoratet frå asylmottak til langsiktig integrering i lokalsamfunn. Regionkontora har tett kontakt med samarbeidspartnarane til direktoratet og har opparbeidd solid kompetanse om lokale tilhøve.


Regionkontora skal opprette og føre tilsyn med drifta av dei statlege mottaksstadene for asylsøkjalar i regionen, og samarbeide med mottaka og kommunane om busetjing av flyktingar. Regionkontora skal også arbeide for likestilling mellom innvandrarar og nordmenn, gje informasjon om tilbakevending og retur, saksbehandle søknader om tilbakevendingsstøtte og drive informasjonsarbeid overfor nordmenn og flyktingar.

Sentrale utfordringar i 2005

UDI har gjennom tildelingsbrevet frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) fått ansvar for ei rekkje arbeidsoppgåver:

- Førebuing og omstilling i samband med at det skal opprettast nytt Integrerings- og mangfaldsdirektorat frå 1.1.2006
- Betre service overfor søkjarane våre
- Betre tilbod til asylsøkjalar med psykiske problem og spesielle omsorgsbehov
- Ulovleg innvandring og bortfall av butilbod
- Innføring av ordninga med at innvandrarar har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Organisasjonskart



Måloppnåinga til Utlendingsdirektoratet på sentrale verksemdsområde var god i 2004. Særleg positivt for brukarane til UDI var at talet på ubehandla saker i direktoratet blei kraftig redusert. Det fører til reduserte saksbehandlingstider i mange saker.

Dei fire hovudmåla til regjeringa for innvandrings-, flyktning- og integreringspolitikken:

1. Regulert innvandring
2. Vern til flyktningar
3. Like moglegheiter til deltaking
4. Effektiv og brukarorientert forvaltning

Dei fire satsingsområda for UDI i tildelingsbrevet for 2004:

1. Redusere saksbehandlingstidene
2. Verne asylinstituttet
3. Betre servicen overfor søkjarar og andre brukarar
4. Følgje opp introduksjonsordninga og førebu rett og plikt til norskopplæring

Dei sentrale styringsdokumenta for verksemda og prioriteringane til Utlendingsdirektoratet er statsbudsjettet og tilhøyrande tildelingsbrev frå Kommunal- og regionaldepartementet. Statsbudsjettet gjev dei økonomiske rammene for verksemda og formulerer dei generelle måla regjeringa har for politikkområdet. Tildelingsbrevet konkretiserer måla og dei tilhøyrande resultatkrava som blir stilte til verksemda til UDI. Gjennom tildelingsbrevet peiker regjeringa òg ut kva område UDI særleg skal satse på kvart år.

Måloppnåing på satsingsområda for 2004
Blant dei mange resultatkrava som blei stilte til UDI i tildelingsbrevet for 2004, har vi her valt å fokusere på nokre av krava knytte til dei fire hovudsatsingsområda. På dei to første satsingsområda er resultatata relativt enkle å måle, sidan det dreier seg om produksjon i talet på saker. På dei to andre satsingsområda er resultatkrava ikkje kvantifiserbare på same måten, og rapporteringa her er i større grad av kvalitativ art.

Satsingsområde 1: Redusere saksbehandlingstidene

Opphaldssaker

Ved utgangen av 2003 hadde UDI heile 21 100 opphaldssaker til behandling (blant anna søknader om familieinnvandring, arbeidsløyve og statsborgarskap). I tildelingsbrevet blei det derfor lagt særleg vekt på å redusere saksbehandlingsskøen og saksbehandlingstida for opphaldssakene. Resultatkravet var at UDI ikkje skulle ha meir enn 11 000 ubehandla opphaldssaker ved utgangen av 2004. Ei rekkje tiltak blei sette i verk gjennom året for å nå

målet. Organisatoriske endringar i Opphalds-avdelinga, nye prosedyrar for raskare behandling av enkle saker og bistand frå Asylavdelinga bidrog til at UDI i 2004 behandla 65 000 søknader og klager i opphaldssaker, mot 52 000 i 2003. Ved utgangen av året var talet på ubehandla opphaldssaker redusert til 12 500. Målet om 11 000 saker blei såleis ikkje nådd fullt ut. Arbeidet med å redusere saksbehandlingstidene i opphaldssaker held fram i 2005, med eit mykje betre utgangspunkt enn året før.


Asylsaker

Etter fleire år med høg tilstrøyming av asylsøkjjarar har asylsaksbehandlinga hatt høg prioritet i heile utlendingsforvaltninga. I 2003 behandla UDI heile 17 500 asylsøknader. Prognosen for tilstrøyming i 2004 blei sett til 10 000, og saksbehandlingmålet blei sett til 14 000 saker. Resultatet var at UDI klarte å behandle 12 500 saker, 1 500 færre enn kravet. Men talet på asylsøkjjarar blei 2 000 lågare enn prognosane, slik at direktoratet ved utgangen av 2004 hadde færre ubehandla asylsaker enn saksbehandlingmålet tilsa.

Satsingsområde 2: Verne asylinstituttet

Eit sentralt resultatmål under dette satsingsområdet var å gjennomføre ein hurtigprosedyre (48-timersprosedyre) for asylsøkjjarar med truleg grunnlause søknader, for å bidra til å redusere tilstrøyminga av asylsøkjjarar utan behov for vern. Hurtigprosedyren blei innført 1. januar 2004. Dei 200 sakene som blei behandla etter prosedyren, var som føresett ferdig behandla på under 48 timar.

Innkome og behandla opphaldssaker i UDI i 2004 inkludert klager



Vidare blei det i tråd med krava i tildelingsbrevet innført ei ordning der personar som har fått avslag på asylsøknaden, ikkje lenger får tilbod om opphald i asylmottak. Føremålet er å vise at personar som oppheld seg ulovleg i Noreg etter eit avslag, ikkje samtidig får gratis kost og losji av den norske staten. Barnefamiliar og enkelte andre er unntatte frå ordninga. I 2004 fekk 600 personar melding om at dei ikkje lenger fekk bu i mottak. Ved utgangen av året hadde om lag 75 prosent av dei anten forlate mottaka eller fått unntak frå ordninga av ulike årsaker.

Satsingsområde 3: Betre servicen overfor søkjarar og andre brukarar

Mellom anna som ei følge av lange saksbehandlingskøar har UDI lenge hatt store utfordringar på serviceområdet. I tråd med krava i tildelingsbrevet blei desse tiltaka gjennomførte i 2004:

- Det er utarbeidd nye rutinar for utsending og oppdatering av meldingar til søkjarar om forventa saksbehandlingstid
- Det er laga ei serviceerklæring for søkjarar
- Servicestrategi og tilhøyrande tiltaksplanar er utarbeidde, og gjennomføringa av tiltaka i handlingsplanane er påbyrja under ein nyttilsett servicesjef

Satsingsområde 4: Følgje opp introduksjonsordninga

1. september blei det obligatorisk for alle kommunane i landet som buset flyktningar, å tilby individuelle introduksjonsprogram for flyktningar som nettopp er komne til landet. I forkant av dette gjennomførte UDI ei rekkje tiltak for å bistå kommunane i dette arbeidet. Alle regionane arrangerte opplæringsseminar for kommunesektoren. Ei lang rekkje informasjonstiltak blei gjennomførte overfor kommunar, andre offentlege myndigheiter, arbeidsgjevarar og ulike organisasjonar. Direktoratet la også stor vekt på å formidle informasjon til offentlegheita gjennom media om dette store løftet i det kommunale integreringsarbeidet.

Opphaldsløyve

Løyve til å opphalde seg i Noreg utover tre månader. Eit slikt løyve gjev ikkje rett til arbeid, unntatte for EU/EØS-borgarar.


Arbeidsløyve

Løyve til å ta arbeid i Noreg. Arbeidsløyve kan gjevast til personar over 15 år som fyller vilkåra for dette etter utlendingslova.

Asyl

Fristad for personar som med rette fryktar forfølgning på grunn av rase, religion, nasjonalitet, politisk oppfatning eller tilhøyrse til ei spesiell gruppe. Asyl inneber blant anna vern mot å bli send tilbake til området der vedkomande har grunn til å frykte forfølgning. Asyl gjev også visse rettar under opphaldet i asyllandet. Utlendingar som får asyl i Noreg, får status som flyktningar.

Asylsøknader i UDI utan vedtak



Den norske debatten om migrasjonsrelaterte tema har for ein stor del handla om asyl- og innvandringspolitikk.

For UDI har det i 2004 vore eit viktig mål å bidra til å fremje ei meir heilskapleg migrasjonsforståing og -debatt.

Kjærløik, jobb, krig eller utdanning. Det er mange årsaker til at menneske kjem til Noreg. UDI spelar ei rolle for mange av dei.



Eit viktig og stort tiltak i så måte var vårkonferansen til direktoratet i april, der det blei sett søkjelys på migrasjon under tittelen "Mellom to heimland". UDI har også gjennom andre arrangement, foredrag, kronikkar og medieutspel prøvd å reise ein debatt om migrasjonsforståinga i det norske samfunnet. Vi har derfor også valt å ha eit eige kapittel i denne årsrapporten om nettopp migrasjon, for å skape ein heilskap på feltet.

Vidfemnande omgrep, vidfemnande utfordringar

Omgrepet migrasjon dekkjer både innvandring og utvandring, frivillig og tvungen, legale og illegale rørsler. Den stadig tiltakande globaliseringa med tilhøyrande reiseverksemd, internasjonalisering av utdanningssystemet og meir internasjonal handel gjev stadig fleire menneske høve til og behov for opphald av ulik varigheit i land utanfor heimlandet. Andre viktige årsaker til migrasjon er konflikhtar og fattigdom, som sender millionar av menneske på flukt eller på leiting etter eit betre liv for seg og sin familie.

For å møte utfordringane som følgjer alle dei ulike formene for migrasjon, må vi sjå alle relevante aspekt av migrasjon i samanheng. Det gjeld den rolla migrasjon allereie spelar, og

også bør spele i framtida, for demografi, kultur, arbeid, utdanning, sosialpolitikk, utanrikspolitikk, bistand, flyktningvern og integrering, og den rolla migrasjon spelar i regulerings- og kontrollapparata.

Migrasjonsforståing og migrasjonshandtering er viktig for evna Noreg har til å delta aktivt i ei globalisert verd, der utviklinga skjer i skjeringpunktet mellom ulike kulturar og på tvers av landegrenser. Målet til UDI er å byggje ei forvaltning som tek utgangspunkt i det gjensidige behovet Noreg og verdssamfunnet har for å stimulere og regulere migrasjon og møte desse utfordringane på ein aktiv måte.

Viktig med godt faktagrunnlag

Eit viktig grunnlag for å få ei meir heilskapleg migrasjonsforståing og -debatt er å få fram eit heilskapleg bilete av migrasjonen til Noreg. Utviklinga dei siste ti åra viser at familieinnvandring er den viktigaste årsaka til permanent innvandring til landet, og at det meste av denne innvandringa er knytt til norske statsborgarar. Legg vi til studie- og arbeidsinnvandring med utgangspunkt i dei personlege kontaktane folk har, kan vi seie at ein stor del av innvandringa til Noreg er følgjer av dei relasjonane mange av oss etter kvart har til familie, venner, kollegaer og forretningskontaktar i utlandet. Kort-

Omgrepet migrasjon dekkjer både innvandring og utvandring, frivillig og tvungen, legale og illegale rørsler.

		Motivet	
		Frivillig	Tvungen
Måten	Illegal		
	Legal		

Døme:

Flyktning: Måten kan vere legal eller illegal, motivet er tvungen

Arbeid: Måten kan vere legal eller illegal, motivet kan vere både tvungen og frivillig

Offer for menneskehandel: Måten er illegal, motivet er tvungen

Fakta om migrasjon


- 175 millionar menneske i verda lever utanfor eige land
- 289 000 personar fødte i eit anna land bur i Noreg, og har fått 60 000 barn her
- Medrekna personar med ein utanlandsfødd forelder har meir enn 500 000 personar i Noreg innvandrarbakgrunn
- Meir enn 14 000 norske borgarar studerer i utlandet kvart år, mens i overkant av 5 000 utlendingar får opphaldsløyve for å studere i Noreg
- Summen av pengeoverføringar frå innvandrara til relasjonar i opphavslandet er større enn den samla utviklingshjelpa som blir gjeven til utviklingslanda

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB) og Institutt for fredsforskning (PRIO)

varige arbeidsforhold er den viktigaste årsaka til auka innvandring til landet. I 2004 bidrog EU-utvidinga og dei auka sjansane for arbeidsinnvandring som utvidinga førte med seg, til

ein auke på 40 prosent i talet på arbeidsløyve til borgarar av dei nye EU-landa. Målt i talet på menneske utgjer flyktingane ein mindre del av den totale migrasjonen til Noreg.

Ulike typar løyve gjeve 1995–2004



¹Vern omfattar her både overføringsflyktingar og personar som har fått opphald etter søknad om asyl. Dette vil seie personar som har fått asyl, anna vern eller opphald på humanitært grunnlag. Personar som har fått mellombels kollektivt vern, er ikkje tekne med.

Totalt blei det gjeve 32 900 nye arbeidsløyve i 2004. I alt 25 300 arbeidsløyve blei gjevne til borgarar av dei nye EU-landa i 2004. Det er ein auke på 40 prosent jamført med 2003. Talet på løyve etter spesialistregelverket gjekk ned med meir enn ein tredel, til 734.



Overgangsreglar

Den europeiske union (EU) og Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS) blei utvida med ti nye medlemsland frå 1. mai 2004. Noreg innførte ei overgangsordning for borgarar frå åtte av desse landa (alle utanom Kypros og Malta). Overgangsreglane inneber at borgarar av dei landa som er omfatta av ordninga, framleis må ha opphalds- og arbeidsløyve for å kunne vere tilsette hos ein norsk arbeidsgjevar, men at det for desse er enklare og rimelegare å få søknaden behandla enn det er for borgarar av land utanfor EU/EØS-området.

EU/EØS-utvidinga og eventuelle følgjer for arbeidsinnvandringa stod i fokus for debatten på arbeidsinnvandringsområdet i 2004 både i det politiske livet, i media og i UDI. Debatten gjekk høgt både i Noreg og i Europa elles. 1. mai 2004 blei ti nye land medlemmer av EU, og dermed også ein del av EØS-samarbeidet. Noreg innførte overgangsordningar overfor åtte av dei ti nye landa: Estland, Latvia, Litauen, Polen, Slovakia, Slovenia, Tsjekkia og Ungarn. Reglane inneber at arbeidstakarar frå dei nye medlemslanda må ha arbeidsløyve før dei byrjar å arbeide, og at lønns- og arbeidsvilkåra skal følgje tariff eller regulativ der slike avtalar ligg føre. Tilsvarande skal lønn i "uregulerte" arbeidsforhold svare til den lønna som er normal for den aktuelle staden og yrket.

I 2004 blei det gjeve 25 100 førstegongs arbeidsløyve, fire av fem etter overgangsregelverket. Dei tre største opphavslanda i denne samanhengen var Polen (16 000), Litauen (6 000) og Latvia (1 200). Dei løyva som er gjevne etter overgangsreglane, dreier seg hovudsakleg om kortvarige løyve i samband med sesongarbeid i landbruket. Majoriteten av EØS-løyva til borgarar frå desse åtte nye medlemslanda er slike kortvarige løyve; 62 prosent av dei hadde ei varigheit på inntil

tre månader. Interesse framover knytter seg til kor mange arbeidstakarar frå dei nye medlemslanda som etablerer seg i Noreg på lengre sikt.

Konklusjonen så langt når det gjeld overgangsordningane, er at dei ikkje har hatt nokon dempende effekt på arbeidsinnvandringa frå dei nye medlemslanda. UDI meiner dessutan at enkle og raske rutinar har medverka til at mange som elles kunne ha valt å arbeide utan å registrere seg, valde å arbeide lovleg. I samband med EU/EØS-utvidinga blei det forventa at direktoratet, i tillegg til å overvake konsekvensane på eige område, også skaffa oversyn over verknadene på området til andre viktige etatar/organisasjonar som blir rørte av utvidinga og overgangsreglane. UDI gav ut ein egen rapport om dette mot slutten av året.

Stor innsats for raskare saksbehandling
Utlendingsdirektoratet fekk i forkant av EU-utvidinga klare politiske signal om at søknadene måtte behandlast svært raskt. Evalueringa til direktoratet viser at saksbehandlingstidene har vore svært korte, og at omstillinga frå politiet og Utlendingsdirektoratet si side er gjennomført på ein svært vellykka måte.



Ben (40) er overlege, har doktorgrad i medisin og jobbar på Radiumhospitalet i Oslo som patolog og kreftforskar.

– Eg kom til Noreg i 1998 for å jobbe som assistentlege, men har sidan spesialisert meg som patolog, fortel Ben, som har medisindanning frå heimlandet Israel.

– Eg hadde lyst til å jobbe i eit anna miljø, og sidan eg hadde kjenningar i Noreg, var det naturleg å søkje om arbeidsløyve her

– Eg jobbar hovudsakleg med kreftdiagnostikk på pasientmateriale ved å studere biopsiar (vevsprøver eller organ som blir fjerna frå pasientar). I tillegg jobbar eg med forskning på eggstokk-kreft.

– Det er klart det følgjer ein del utfordringar med å arbeide og busetje seg i eit anna land. Det er mange kulturelle forskjellar, men har ein ei open innstilling, hjelper det. For meg har det vore ei god oppleving å arbeide i Noreg. Eg trivst og er fornøgd, fortel overlegen.

Mot slutten av 2004 fordelte saksbehandlingstida seg slik:

- 60 % av sakene var ferdige etter 1 dag
- 70 % av sakene var ferdige etter 2 dagar
- 80 % av sakene var ferdige etter 5 dagar
- 90 % av sakene var ferdige etter 14 dagar

Når det gjeld saksbehandlingstida elles, har UDI i 2004 brukt mykje ressursar på å redusere talet på ubehandla saker. Resultatet er at talet på ubehandla saker gjekk ned med 40 prosent. Vidare satsing på rask og effektiv behandling av ukompliserte saker vil, saman med arbeidet for endå betre service, stå i fokus for UDIs arbeid med arbeidsløyve og andre opphaldssaker i 2005.

Lågaste talet på spesialistar sidan kvoten blei innført


I 2002 blei regelverket for spesialistinnvandring mjuka opp. Blant anna fall kravet om at det ikkje måtte finnast annan innanlandsk arbeidskraft, bort. Føremålet med endringane i regelverket har vore å gjere det enklare for norske bedrifter å rekruttere kompetanse frå utlandet. I samband med regelendringane blei det innført ein kvote for spesialistar på inntil 5 000 personar årleg.

I ein rapport utarbeidd av Norsk Utanrikspolitisk Institutt (NUPI) 1 på oppdrag frå UDI i 2004 blei desse konklusjonane trekte:

- Noreg møter stor konkurranse frå andre land om arbeidskrafta
- Norske myndigheiter er for dårlege til å marknadsføre både spesialistordninga og Noreg i moglege spesialistland
- Selskap må jobbe meir aktivt for å trekkje til seg utanlandske spesialistar, og gjere det meir kjent at regelverket for spesialistar er mjuka opp

Totalt 747 personar fekk godkjent spesialistløyve i 2004. Sidan 2000 har Noreg teke imot i overkant av 4 500 spesialistar. Med spesialistar er her meint faglært arbeidskraft som er tilbode arbeid i Noreg. Den største gruppa av søkjarar etter spesialistordninga er handverkarar: snikkarar, tømrrarar, målarar og murarar. Andre store grupper er helsepersonell og ingeniørar.

De fem største landa når det gjeld spesialistløyve i 2004, var Polen, USA, Filippinane, Russland og Serbia og Montenegro.



Namn: Anna Katarina Grova

Alder: 35 år

Utdanning: Jurist

Har jobba som rådgjevar i fire og eit halvt år i Opphaldsavdelinga i Arbeids- og utdannings-eininga. Jobbar med søknader om arbeidsløyve frå heile verda, men først og fremst frå EU.

– Det beste med jobben er at det heile tida er nye utfordringar og nye problemstillingar å bryne seg på. I fjor vår jobba eg med EU-utvidinga og overgangsreglane for dei nye EU-landa. Det var morosamt å bli med i eit prosjekt der vi måtte svare på høyringsfråsegner og avklare mange prinsipielle problemstillingar i høve til regelverket. Det dukkar stadig opp nye tilfelle som verken lovgjevar eller vi har tenkt på. Dette fører til at arbeidsdagane er veldig varierte. Den eine dagen jobbar eg med søknader som er openberre og ukontroversielle. Då får eg mange saker unna. Neste dag kan det kome ein søknad med ulike problemstillingar som må avklarast før saka kan behandlast. I tillegg gjer det gode arbeidsmiljøet og dei hyggelege arbeidskollegaene at UDI er ein bra stad å jobbe.

Spesialist

Ein spesialist er ein person som er fagutdanna eller har spesielle kvalifikasjonar som det er behov for i Noreg. Hans eller hennar kvalifikasjonar må vere nødvendige for den aktuelle verksemda.

¹The Evaluation of the Results of the Introduction of the New Regime for Migration of Skilled Labour to Norway (Spesialistordningen). The Case of Ukraine.

Familietilknytning er den viktigaste årsaka til permanent innvandring til Noreg. Talet på familieinnvandrarak heldt seg høgt i 2004, sjølv om færre fekk løyve til sameining med flyktningar etter at reglane blei skjerpa inn i 2003.



Frå sameining til innvandring

Omgrepet familiesameining, som tradisjonelt har vore nytta i omtalen av all familierelatert innvandring, er ikkje dekkjande for alle opphaldsløyve som blir gjevne på grunnlag av familietilknytning. Vel så ofte som sameining er det snakk om etablering av familieleiv. UDI har valt å bruke omgrepet familieinnvandring som samleomgrep på familiesameining og familieetablering. Dette omgrepet er òg brukt i forslaget til ny utlendingslov som blei lagt fram i 2004.

Eitt av fem ekteskap blir inngådde med utlendingar

Den nyaste ekteskapsstatistikken til Statistisk sentralbyrå (SSB) (ekteskap inngådde i 2003) viser at så mange som 22 prosent av ekteskapa som blei inngådde det året, var mellom ein person busett i Noreg og ein person busett i utlandet. 3 450 menn busette i Noreg gifta seg med utanlandske kvinner, mens 1 750 kvinner gifta seg med utanlandske menn. Kvinner frå Thailand (700 personar), Russland (400 personar) og Filippinane (270 personar) som gifta seg med menn med norsk bakgrunn, utgjorde dei klart største gruppene i denne statistikken.

Fleire fekk løyve i 2004

I 2004 blei det gjevne 12 800 løyve til personar som søkte om familieinnvandring, mot 10 500 i 2003. 57 prosent av løyva blei gjevne til ektefellar, sambuarar eller partnarar, mens 40 prosent blei gjevne til barn. Berre 3 prosent blei gjevne til andre familiemedlemmer. Tendensen var, som i ekteskapsstatistikken til SSB, at dei som kjem til Noreg på grunn av familieinnvandring, blir førte saman att med norske borgarar. Dei ti landa det kom flest søkjarar frå i fjor, er i all hovudsak dei same som i 2003 (tal for 2003 i parentes):

Thailand	1 099	(780)
Irak	909	(940)
Russland	742	(797)
Somalia	689	(652)
Tyskland	563	(401)
Pakistan	496	(518)
Storbritannia	453	(330)
Filippinane	437	(396)
USA	423	(322)
Tyrkia	418	(445)

Kortare saksbehandlingstider

Eit sentralt mål for UDI i 2004 var å redusere saksbehandlingstidene for alle typar opphalds-søknader, ikkje minst for søknader om familieinnvandring. Opphaldsavdelinga fekk tilført nye ressursar, og det blei jobba mykje med å vidareutvikle effektive saksbehandlingsrutinar. Det blei innført nye rutinar for prioritering av behandling av søknader frå barn som manglar omsorgspersonar i heimlandet. Gjennom året blei det behandla godt over 3 000 fleire søknader om familieinnvandring enn det kom nye inn. Mange søknader blir no behandla mykje raskare enn tidlegare, men ei stor mengd gamle og kompliserte saker gjer at saksbehandlinga i nokre av desse sakene tek lang tid.



– Vi møttest då vi begge jobba i bar i Madrid. Det tok berre nokre månader før vi begge skjønnte at vi kanskje ville noko meir enn berre å vere venner...

– Vel, eg visste det frå første augneblink! Eg prøvde hardt å sjarmere deg i mange månader, og eg trur heile Madrid la merke til det før det omsider verka på deg... Du kan vere litt treg somme gonger, ler David.



Etter om lag to år saman i Spania bestemte dei seg for å dra til Noreg. Dei har no budd i Noreg i eitt år, har akkurat kjøpt ny leilegheit på Grünerløkka og gler seg veldig til å flytte. David går på norskkurs og jobbar i bar om kvelden. Etter kvart som norsken kjem litt på plass, håper han å finne seg ein annan jobb, gjerne innan sal.

– Eg veit at det er viktig å lære seg norsk. Det er ikkje alltid lett. Dei fleste nordmenn snakkar så bra engelsk at sjølv om eg prøver nokre gonger, endar vi likevel ofte opp med å snakke engelsk, seier David.

– Du kan i alle fall mykje meir enn då du kom for eitt år sidan! Eg synest du er flink, eg. Og så har du verdas søtaste engelske aksent, seier Kristine.

– Heldigvis er det ikkje så langt til England, så vi reiser dit ein del for å vitje både familie og venner. Foreldra til David har alleieie vore i Noreg fire–fem gonger og stortrivst her.



Frå 1. desember 2004 blei talet på einingar som behandlar søknader om familieinnvandring, utvida frå to til tre. Sjølv om ikkje fleire personar er sette til å behandle søknader om familieinnvandring, reknar UDI med at meir spesialisering vil føre til betre effektivitet. Det blir jobba kontinuerleg med å utvikle meir effektive prosedyrar som sikrar at ukompliserte saker kan behandlast raskt og smidig.

Arbeid mot misbruk av regelverket
Ved sida av å sikre rask og smidig vurdering av om ein person oppfyller krava for å få eit løyve til familieinnvandring, skal Utlendingsdirektoratet motverke misbruk av regelverket. Avveginga mellom det å vere effektiv og det å vere grundig er ei dagleg utfordring for medarbeidarane i UDI.

Misbruk er som regel knytt til falske opplysningar om familierelasjonar. Utlendingsmyndigheitene avdekkjer kvart år fleire saker der norske borgarar giftar seg med utlendingar berre for å sikre personen eit opphaldsløyve. Sidan det er retten til familieliv som er grunnlaget for reglane om familieinnvandring, gjev ikkje eit proformaekteskap rett til opphaldsløyve.

Eit tvangsekteskap er eit ekteskap som er inngått i strid med den frie viljen til éin eller begge partar. Utfordringa for UDI i slike saker er ofte å skilje mellom tvangsekteskap og arrangerte ekteskap. Mens tvangsekteskap er straffbart etter straffelova § 222, er arrangerte ekteskap fullt lovleg. Dersom eit ekteskap er inngått ved tvang, vil ein søknad om familieinnvandring bli avslegen.

Både proformaekteskap og tvangsekteskap kan vere vanskeleg å avdekkje, og arbeidet med denne typen saker krev mykje ressursar.



Namn: Saber Baïli

Alder: 42 år

Utdanning: Cand.philol. frå Universitetet i Oslo, fransk hovudfag.

Tilsett som rådgjevar i UDI i fire og eit halvt år. Jobbar med familieinnvandring frå Eritrea, Etiopia, Somalia, Kenya, Uganda, Irak, Jordan, Syria, Pakistan og Afghanistan

– Arbeidsdagen min handlar om å gå gjennom og behandle søknader om familieinnvandring, svare på spørsmål frå brukarar og diskutere faglege spørsmål med kollegaene mine. Noko av tida går òg med til rettleiing og opplæring av nye kollegaer. Eg har stor respekt for jobben fordi han handlar om menneske og menneskeskjebnar. Det er spennande å jobbe i UDI. Opphaldsavdelinga blei nyleg omorganisert for å effektivisere saksbehandlinga. Som følgje av dette fekk eg blant anna fleire nye land å jobbe med, og det er interessant og utfordrande. Eg må setje meg inn i desse nye områda samtidig som eg må finne ein balanse mellom effektivitet og kvalitet. Det er òg verdfullt å kunne bruke kunnskapen sin aktivt i jobben. Eg kan fransk og arabisk, og det er nyttig i saksbehandlinga. I tillegg har eg ein del kunnskap om landa eg behandlar søknader frå, og det er ofte til god hjelp.

2004 vil bli hugsa som eit merkeår for integrering av flyktningar i Noreg. Frå 1. september blei introduksjonsordninga obligatorisk for alle kommunar. Året var òg prega av at talet på asylsøkjjarar nær blei halvert i forhold til 2003.



Om lag 3 450 personar fekk asyl, vern eller opphald av humanitære årsaker etter å ha søkt om asyl i Noreg i 2004. Dei største nasjonalitetane var Russland (tsjetsjenarar), Somalia, Irak og Afghanistan. I tillegg gav Noreg opphald til 750 overføringsflyktningar. Den største gruppa kom frå Burma/Myanmar. Dei siste seks åra har talet på personar som får vern i Noreg, lege jamt på mellom 4 000 og 5 000 personar. Godkjenningssdelen i asylsaker auka frå 29 prosent i 2003 til 40 prosent i 2004. At godkjenningssprosenten stig mens talet på søkjjarar fell, er ein konsekvens av at norske myndigheiter har lykkast i å avgrense tilstrøyminga av personar utan behov for vern.

Europeisk trend og særnorske tiltak

Nedgangen i talet på asylsøkjjarar til Noreg er del av ein europeisk trend. Det er færre konflikhtar i nærområda rundt Europa. Vidare byrja fingeravtrykksregisteret Eurodac og Dublin-samarbeidet, som skal bidra til å forhindre at personar reiser frå land til land i Europa og søker om asyl, å verke for fullt i 2004. Nedgangen i Noreg var likevel såpass mykje større enn i andre land at det ikkje kan vere tvil om at tiltaka norske myndigheiter har sett i verk i Noreg, òg har medverka til at det kjem færre asylsøkjjarar til landet.

Dublin-samarbeidet

Dublin-konvensjonen slår fast kva land som er ansvarleg for behandlinga av ein asylsøknad. Landa som har signert konvensjonen, forpliktar seg til at dersom ein asylsøkjjar har søkt asyl i eit av landa, skal vedkomande sendast tilbake til dette landet. I samband med denne konvensjonen er det no teke i bruk ny teknologi og innført skjerpa rutinar i samarbeidet mellom Schengen-landa. I dag tek det berre minutt å slå fast om ein asylsøkjjar har søkt asyl i eit anna land tidlegare. I tillegg går det raskare å føre tilbake asylsøkjjarar til det landet som er ansvarleg for å behandle søknaden deira. Delen asylsaker som blei sende til behandling i andre land i tråd med reglane i Dublin-konvensjonen, auka frå 20 prosent i 2003 til 26 prosent i 2004.

48-timersprosedyre

Frå 1. januar 2004 blei det innført ein 48-timersprosedyre for truleg grunnlause asylsøknader. Dette tiltaket førte til at talet på asylsøkjjarar frå land som i utgangspunktet blir vurderte som trygge, gjekk ned med rundt 75 prosent i forhold til 2003. 200 asylsøknader blei behandla etter denne prosedyren gjennom året, alle innan fristen på 48 timar.

Ny advokatordning

Frå 1. januar 2005 blir det innført ny advokatordning for asylsøkjjarar. Den nye ordninga inneber at dei aller fleste personane som registrerer seg som asylsøkjjarar hos politiet, ikkje lenger har rett til advokathjelp i første instans i behandlinga av asylsøknaden. Men asylsøkjjarar vil få inntil fem timars fri advokathjelp frå Utlendingsdirektoratet ved avslag på asylsøknad om ein ønskjer å klage på vedtaket.

Aldersundersøkingar av einslege mindreårige asylsøkjjarar

Ordninga med aldersundersøkingar av einslege mindreårige asylsøkjjarar blei innført i 2003, etter at det hadde blitt eit aukande problem at vaksne søkte asyl som barn for lettare å få opphald i Noreg. Frå 2003 til 2004 minka talet på asylsøkjjarar som hevda å vere under 18 år, med over 50 prosent. Resultata frå aldersundersøkingane viste at heile 80 prosent av dei som blei undersøkte, var over 18 år. Aldersundersøkingane gjer at UDI lettare kan skilje vaksne frå barn. For UDI er det viktig å gje eit rett og tilpassa butilbod og følgje opp barn. Barn som kjem til Noreg utan omsorgspersonar, skal blant anna ha anna omsorg enn vaksne, og dei har rett til ei særskild skjerming. Dei skal også ha anna oppfølging etter busetjing i ein kommune.

Bortfall av butilbod

Frå 1. januar 2004 mista personar som har fått endeleg avslag på asylsøknaden, retten til å bu i asylmottak. Føremålet med ikkje å gje kost og losji til desse personane er å styrkje respekten for asylinstituttet og underbygge plikta til å forlate Noreg overfor dei som har fått avslag. Gjennom året fekk 600 personar brev om at dei måtte forlate mottaka. Barnefamiliar og einslege mindreårige som får avslag på asylsøknaden sin, er ikkje omfatta av ordninga, og kan bu i mottak til dei faktisk reiser tilbake til heimlandet.



Florence (28) og familien hennar kjem frå Liberia, men har budd i flyktningleir i Sierra Leone i fleire år.

19. mars 2004 kom dei til Noreg og den nye heimen sin, eit rekkjehus i Stange i Hedmark. Eit par veker seinare starta førebuingane til introduksjonsprogram for Florence og broren David (20). No går dei saman på eit helsekurs som ein del av introduksjonsprogrammet. "Helsenorsk" er eit av hovudtema, og allereie i haust var Florence i arbeidspraksis på ein sjukeheim i Stange kommune.

– Arbeidspraksis er ein fin måte å kome ut i det norske samfunnet på, seier ho.

– Eg liker å gå på introduksjonskurs og synest det er eit fint høve til å få ein god start i Noreg, men det er vanskeleg. Særleg no i byrjinga, for alt går føre seg på norsk, fortel Florence på engelsk.


Nedlegging av asylmottak

Asylmottak er eit frivillig butilbod for asylsøkjjarar mens søknaden er til behandling. Reduksjonen i talet på asylsøkjjarar i 2004 førte til at behovet for asylmottak blei redusert. I løpet av året blei talet på asylmottak redusert frå 145 til 100, og talet på bebuarar gjekk ned frå 17 200 til 12 200. Mottaka er drivne av ulike driftsoperatørar etter retningslinjer frå UDI. Driftsansvaret blir tildelt etter anbudsprinsippet.

Overføringsflyktningar

Noreg er eitt av rundt 15 land som kvart år tek imot ein kvote overføringsflyktningar i samarbeid med FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR). Dette er menneske som har flykta frå heimlandet sitt, og som av ulike årsaker heller ikkje er trygge i landet dei har flykta til. Sommaren 2004 bestemte regjeringa å auke kvoten for overføringsflyktningar frå 750 i 2004 til 1 000 i 2005.

Vern i Noreg 1999–2004



Introduksjonsordninga

Mens UDI har ansvaret for flyktningar til søknaden er ferdig behandla, er det kommunane som har ansvaret for flyktningane etter at dei er busette. Frå 1. september 2004 blei det obligatorisk for kommunane å tilby introduksjonsprogram til flyktningar busette etter 1. september 2003. Dette skjedde etter mange år med førebuingar med forsøksprosjekt i ulike kommunar og etter eit prøveår der det var frivillig for kommunane å tilby introduksjonsprogram. Flyktningane i målgruppa fekk òg plikt til å følgje programmet dei får tilbod om. Med introduksjonsprogrammet følgjer nemleg ein introduksjonsstønad som er avhengig av deltaking. Stønaden svarer til to gonger grunnbeløpet i folketrygda. I praksis inneber det at det ikkje lenger er sosialkontoret som er det første flyktningane møter i Noreg.

Målgruppa for introduksjonsordninga er flyktningar mellom 18 og 55 år som er busette i kommunane etter avtale med UDI. Desse har rett og plikt til individuell opplæring i norsk og samfunnskunnskap og til tiltak som førebur dei til arbeidslivet. Også familiemedlemmer som er sameinte med flyktningar, har rett og plikt til introduksjonsprogram. Kommunane kan i tillegg velje å gje introduksjonsprogram til fleire enn dei som er definerte i lova.

Eit introduksjonsprogram er eit fulltidsprogram på inntil to år der flyktningar skal få ei innføring i norsk språk og samfunnsliv og bli budde på å delta i yrkeslivet eller i ordinær utdanning. Ved utgangen av 2004 var om lag 4 600 personar i målgruppa for rett og plikt til introduksjonsordning. Målet med programmet er at flyktningar som nettopp er komne, raskast mogleg skal bli økonomisk uavhengige og

integreerte i det norske samfunnet. Nasjonale standardar sikrar eit betre og meir likt tilbod over heile landet. Erfaringa så langt er at alle tener på introduksjonsordninga. Samfunnet får raskare glede av ressursane til flyktningane, og flyktningane får raskare delta i norsk arbeids- og samfunnsliv.


UDI brukte store ressursar på å innføre introduksjonslova i 2004. Gjennom fleire år har UDI hatt ansvaret for å setje i gang og følgje opp forsøksprosjekt i kommunane. Berre dei to siste åra før lova blei obligatorisk, fordelte UDI 60 millionar kroner til 228 kommunale prosjekt som støtte til vidareutvikling og innføring av introduksjonsprogrammet. I 2004 hadde UDI opplæringsseminar i alle regionar, og gjennomførte ein stor informasjonskampanje om ordninga. Denne kampanjen vil halde fram i 2005.

Busetjing av flyktningar

4 700 flyktningar blei busette i norske kommunar etter avtale med Utlendingsdirektoratet i 2004. Det var ikkje mange nok, og ved utgangen av 2004 venta framleis over 2 000 flyktningar i norske asylmottak på busetjingsplass i ein kommune. Ein vellykka samarbeidsaksjon mellom UDI, Kommunenes Sentralforbund og Husbanken for busetjing av einslege flyktningar, som det erfaringsmessig tek lengre tid å finne busetjingsplass til, gav i andre halvdel av 2004 gode resultat. I aksjonsperioden blei 953 einslege flyktningar busette. For første gong på svært lenge kom delen einslege blant dei busetjingsklare flyktningane i mottak under 50 prosent.

Behovet for busetjingsplassar i 2005 blir i liten grad påverka av nedgangen i talet på asylsøklarar. Basert på dei prognosane som ligg føre ved

Busette flyktningar familiane deira i kommunane etter kategori 1997–2004





Robert, den yngste broren til Florence, sonen William og niesa Mahawa går på skule.

- Barna trivst godt på skulen, men vi skulle ønskje at vi fekk praktisert norsken vår litt meir utanfor skulen. Vi har ikkje blitt kjende med så mange nordmenn enno, seier Florence.



I 2004 kom om lag 250 liberiske flyktningar til Noreg som overføringsflyktningar. Kvart år tek Noreg i samarbeid med FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR) imot ein kvote flyktningar som ikkje er trygge i dei landa dei har flykta til. Desse blir kalla for overføringsflyktningar.



inngangen til året, er behovet for busetjing talfesta til 5 250 plassar. Busetjingsarbeidet blir ei utfordring for UDI og kommunane i 2005 òg. I tillegg til busetjing av 4 700 flyktningar i kommunane flytta òg om lag 800 familiesameinte til flyktningar til kommunane.

Stor satsing på å utvikle tilbodet til einslege mindreårige asylsøklarar

Einslege mindreårige er fellesnemninga for alle barn og unge under 18 år som kjem til landet utan foreldre eller andre vaksne med foreldre-ansvar i Noreg. I 2003 og 2004 blei det sett i gang heile 26 prosjekt og utviklingstiltak som på ulike måtar skal sikre oppfølginga av einslege mindreårige og auke kompetansen hos dei som arbeider med denne gruppa. I tillegg har UDI teke initiativet til eit tettare samarbeid med barnevernet for å kunne ta hand om einslege mindreårige i mottak på ein betre måte. I 2005 vil det også vere ei særleg satsing på arbeidet for å oppspore foreldre slik at barn kan bli førte saman att med omsorgspersonane sine i heimlandet.

Informasjonsprosjekt for god integrering

I 2003 og 2004 tok Noreg for første gong imot større grupper av flyktningar frå Liberia og Burma/Myanmar. For å bidra til ein god integreringsprosess for desse gruppene i norske

kommunar sette UDI i gang to informasjonsprosjekt høvesvis våren og hausten 2004. Det blei arrangert seminar for kommunalt tilsette som jobbar med flyktningar, og for involverte frå frivillig sektor i alle regionar der flyktningane blir busette. Her blei kunnskap om bakgrunnen til flyktningane og tips for integreringsarbeidet formidla. Det blei også gjennomført ein stor medieoffensiv for å få ut kunnskap til allmenta om flyktningane frå dei to landa. Våren 2004 kom ei undervisningspakke for ungdomsskuletrinnet om flyktningane frå Liberia. Den tek opp emne som flukt, det å vere flyktning, kulturforskjellar og informasjon om Liberia. På nyåret 2005 kjem ein tilsvarande pakke om flyktningane frå Burma/Myanmar. Tilbakemeldingane frå kommunalt hald har vore svært positive, og det vil bli vurdert å setje i verk liknande informasjonstiltak for aktuelle flyktninggrupper i 2005.

I Fafo-rapporten "Hvordan gikk det etterpå?", som blei publisert sommaren 2004, undersøkte ein om flyktningar som har delteke i introduksjonsprogram, seinare deltek i ordinært utdannings-, yrkes- og samfunnsliv i større grad enn flyktningar som har budd i kommunar som ikkje har tilbod om introduksjonsprogram. Forskarane konkluderte med at flyktningar som hadde delteke i introduksjonsprogram, både kvinner og menn, var blitt raskare integrerte i ordinært arbeids- og samfunnsliv og hadde raskare oppnådd økonomisk sjølvstende.

Målet for statens integreringsarbeid er at alle, uavhengig av opphav og kjønn, skal ha like moglegheiter, rettar og plikter til å delta i samfunnet og bruke ressursane sine. Integrering er ein gjensidig prosess som stiller krav til både innvandrarane og det norske samfunnet.



UDI bruker ulike verkemiddel i dette arbeidet: kartlegging, dokumentasjon og rapportering, utvikling av modellar, forskning og utprøving, opplæring og informasjon, dialog med minoritetsgrupper og bruk av ulike tilskotsordningar.

Arbeidet mot rasisme

Arbeidet mot rasisme og diskriminering skjer gjennom samarbeid mellom UDI og ulike frivillige organisasjonar, gjennom råd og rettleiing til offentleg tilsette og ved bruk av tilskotsordningar. Kartlegging, dokumentasjon og rapportering av innvandrarane si eiga oppleving av rasisme og diskriminering i Noreg er eit viktig grunnlag for politikktutvikling. Tidlegare har UDI sett på ulike arenaer der innvandrarar og minoritetar har følt seg utsette for rasisme og diskriminering, blant anna skule, bustad, arbeid og media. Kjeldene har vore innvandrarar som fortel om opplevingane sine.

I 2004 jobba UDI med å kartleggje forholdet mellom lokalsamfunn og bebuarar i asylmottak. Mottaksbebuarar, lokalbefolkning, busette innvandrarar, mottakstilsette og kommunalt tilsette i seks ulike kommunar blei intervjuet. Føremålet var å sjå på kva konflikhtar som eksisterer mellom mottaksbebuarar og lokalbefolkning, og kva årsaker som ligg bak. Vidare

var føremålet å sjå på kva kommunen og mottaket gjer for å førebyggje og/eller løyse opp i eksisterande konflikhtar. Resultata frå undersøkinga vil gje viktig kunnskap til framtidig førebyggjande arbeid i samband med etablering og drift av asylmottak i kommunane.

Tilpassing til mangfald i offentlege tenester

Migrasjon gjev nye utfordringar, også for det offentlege tenesteapparatet. Brukarane av kommunale, fylkeskommunale og statlege tenester er ikkje lenger ei homogen gruppe menneske med same kulturelle og språklege bakgrunn. UDIs arbeid med å kartleggje innvandrarane si oppleving av diskriminering og rasisme har vist at integrering og mangfald stiller nye krav til det offentlege. Dersom tenestene som blir ytte, skal opplevast som likeverdige av brukarane, er tenesteapparatet og dei som jobbar der, nøydd til å tilpasse seg den nye røyndommen.

Tilpassing til mangfald inneber blant anna å heve kompetansen i tverrkulturell forståing og kommunikasjon hos tilsette og å rekruttere personar med minoritetsbakgrunn for betre å støtte behova til brukarar med minoritetsbakgrunn. Vidare inneber det rett og tilstrekkeleg bruk av tolk, omsett og tilrettelagd informasjon på fleire språk enn berre bokmål og nynorsk,



Dei er 14 og 15 år gamle, spelar basket, bur i Oslo og er kompisar. At dei har røter i tre forskjellige verdsdelar, tenkjer dei sjeldan over.

– Ikkje eigentleg. Det har alltid vore slik. Mange av vennene mine kjem frå andre stader.

– Det er fint å ha venner som har budd i andre land slik som eg. Det vil seie at vi har noko felles.

og ein arbeidsmiljøpolitikk som tek omsyn til ein multikulturell arbeidsplass.

Meir mangfald – betre metodar

Handlingsplanen til regjeringa mot rasisme og diskriminering for 2002–2006 har gjeve UDI ansvaret for eit eige forsøks- og utviklingsprogram. Dette programmet skal oppsummere erfaringar frå arbeidet med å styrkje mangfaldsperspektivet i det offentlege. Det skal dessutan skaffe ny kunnskap og utvikle metodar og verktøy som offentlege instansar kan nytte for å styrkje den fleirkulturelle kompetansen i eiga verksemd. Dette blir i hovudsak gjort gjennom økonomisk eller fagleg støtte til eksterne aktørar som utviklar metodar og verktøy for å forankre og styrkje mangfaldsperspektivet i organisasjonen og verksemda deira. Metodane og verktøya kan seinare spreia til andre verksemdar.

UDI er nasjonal fagmyndigheit for tolking i offentleg tenesteyting. UDI har initiert tolkeutdanning ved universitet og høgskular og driv opplæring av fagpersonar og tenestemenn i bruk av tolk. Direktoratet har òg ansvaret for eit nasjonalt tolkeregister og for tospråkleg testing av potensielle tolkar. Samla skal desse tiltaka bidra til å heve kvaliteten på tolkinga og styrkje rettstryggleiken til partane. Tiltaka skal

og bidra til at menneskerettskonvensjonen blir overhalden.

Kontakt og dialog med lokale innvandramiljø

Eit viktig verkemiddel i UDIs arbeid med inkludering og mangfald er å støtte drifta av lokale innvandrarorganisasjonar og frivillig fleirkulturell verksemd i lokalsamfunnet. Støtte blir gjeve gjennom ei tilskotsordning som fylkeskommunen forvaltar. Målet er å bidra til aktiv samfunnsdeltaking, fleirkulturelt mangfald og dialog mellom etniske grupper og mellom minoritet og majoritet i lokalsamfunnet. Det er eit mål at organisasjonane skal bli engasjerte i integreringsarbeid på eigne premisser, og at dei skal utforme og gjennomføre tiltak som fremjar mangfald og inkludering.

Som eit ledd i dette arbeidet arrangerer UDI konferansar der representantar for innvandrarorganisasjonar kan kome saman og danne nettverk. Ein slik konferanse blei halden i Trondheim i september 2004 i samarbeid med Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag fylkeskommunar. Eitt av tema som blei tekne opp, var korleis ulike nettverk kan gje betre kompetanse og større gjennomslagskraft.



Namn: Inger Axelsen

Alder: 55 år

Utdanning: Sosiolog

Saksbehandlar i UDI i åtte år, arbeider i Integreringsavdelinga. Jobbar "litt med alt" innanfor integreringsfeltet: forskning og utvikling, introduksjonsordninga, tvangsekteskap, rapportering og utgreingar.

- Eg trivst i UDI på grunn av gode kollegaer og eit fagleg spennande miljø. Arbeidsoppgåvene våre blir sjeldan rutineprega, og det er aldri keisamt å jobbe i Integreringsavdelinga. Kva vi konkret jobbar med, varierer frå år til år. Det krev at vi stadig må setje oss inn i nye saksfelt. I tillegg kan ein ikkje unngå at fagområdet påverkar ein som privatperson. Møte med personar frå andre kulturar og med ein annan erfaringsbakgrunn tvingar ofte fram ein refleksjon over eigen ståstad og eigne oppfatningar, alt det tilvande som vi elles ikkje stiller spørsmål ved. Det mest positive på integreringsfeltet i året som gjekk, er etter min oppfatning det uttalte ønsket til politikarane om å styrkje dette arbeidet gjennom ei betre organisering. Av konkrete prosjekt/tiltak var innføringa av introduksjonslova det største som skjedde i 2004.

Integreringstilskot

Kommunar som buset flyktningar etter avtale med UDI, får eit statleg tilskot som er fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet. Tilskotet skal dekkje utgiftene kommunen har til integrering av flyktningane dei første fem åra. I 2004 var tilskotet på kr 393 000 fordelt på dei fem åra. I tillegg blir det utbetalt særskilde tilskot for grupper som eldre, funksjonshemma og einslege mindreårige. I 2005 er tilskotet auka til kr 432 000 for vaksne og kr 412 000 for barn. Samtidig er retten til integreringstilskot fjerna for personar som får familiesameining med busette med opphald på humanitært grunnlag.

Busetjingsløyve, krav og forventningar

På same måte som det blir stilt krav til det norske samfunnet for at vi skal få eit velfungerande fleirkulturelt samfunn i Noreg, blir det stilt krav til den enkelte innvandrar. Dette er ikkje minst knytt til at det er forventa at innvandrarar som buset seg i Noreg, lærer seg norsk språk og skaffar seg innsikt i norsk samfunnsliv. I 2004 vedtok Stortinget etter forslag frå regjeringa at det skal innførast krav om at innvandrarar må gjennomføre minimum 250 timar opplæring i norsk og 50 timar opplæring i samfunnskunnskap for å kunne få busetjingsløyve (permanent opphaldsløyve) og seinare norsk statsborgarskap.



Namn: Alfredo Zamudio

Alder: 44 år

Utdanning: Cand.mag. med medisinske fag. Skriv no mastergradsoppgåve om valdens sosiolingvistikk i Colombia.

Rådgjevar i UDI ved regionkontor Aust. Har jobba i UDI i seks månader. Har ansvar for einslege mindreårige asylsøkjjarar ved Vårli og Vardåsen mottak.

Har tidlegare jobba som kontorsjef i Kontaktutvalet mellom innvandrarar og myndighetene, rådgjevar i Raudekrossen, leiar for Menneskerettshuset. Forskingsopphald ved Fletcher School of Law and Diplomacy i USA.

- Eg blei tilsett i UDI i september 2004 for å organisere ein erfaringskonferanse om einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar. Responsen var overveldande. På litt over ei veke fekk vi 320 påmeldingar, og vi måtte seie nei til meir enn hundre til. Eg har få like dagar, og eg gler meg til å kome på jobb. Det er eit privilegium å bruke erfaringa og arbeidsevna mi til å hjelpe barn og unge einslege asylsøkjjarar og flyktningar. Eit godt døme på det var då vi med god hjelp av Nic Waals Institutt la til rette for psykologisk hjelp til barn frå Sri Lanka og dei tilsette ved asylmottaket på Vårli, berre tre dagar etter flodbølgja i Sørøst-Asia. Det er bra å vere allsidig for å forstå eit samfunn som er i kontinuerleg endring. Eg ser arbeidet mitt i UDI som eit høve til å bruke innsikta eg har i menneskerettar, sosiale endringsprosessar, kommunikasjon, konfliktløsning og ikkje minst det humanitære perspektivet. Elles fokuserer eg på min eigen bakgrunn som migrant og korleis eg er med på å omdefinere omgrepet norsk.

Biblioteket

Biblioteket til UDI er ein sentral kunnskapsbase for ulike migrasjons- og integreringsspørsmål. Biblioteksamlinga omfattar om lag 18 400 bind og hadde 3 600 utlån i 2004. Boksamlinga tek føre seg alle aspekt ved innvandringa, først og fremst til Noreg, men òg den vestlege verda elles. Asyl- og flyktningsrett, menneskerettar, integrering, rasisme og Noreg som fleirkulturelt samfunn er dei viktigaste fagområda, ved sida av bakgrunnsinformasjon om flyktningsproduserande land.

I tillegg til å yte service overfor UDIs egne tilsette, Kommunal- og regionaldepartementet og Utlendingsnemnda, er biblioteket tilgjengeleg for eksterne brukarar. Opningstida for eksterne brukarar er måndag, tysdag og onsdag mellom klokka 09.00 og 14.30 eller etter avtale.

<http://www.udi.no/bibliotek>

Oppretting av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) ønskte å vurdere ulike muligheter for å styrkje integreringsarbeidet og fokusere på langsiktig integrering. Ein rapport frå konsulentfirmaet PLS Rambøll Management med forslag til omorganisering av forvaltningsapparatet på innvandrings- og integreringsfeltet blei overlevert departementet i august 2004.

I desember 2004 bestemte regjeringa seg for at det skal opprettast eit nytt direktorat, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, frå 1.1.2006. Det nye direktoratet skal ha ei

fagleg tyngd innan integrering og mangfald og skal fungere som koordinerande instans i forhold til andre direktorat. Direktoratet skal vere tydeleg underlagt politisk styring, og vil arbeide med strategiar for å utvikle det gode, fleirkulturelle samfunnet. Ei anna viktig oppgåve for direktoratet vil vere å samordne gjennomføringa av integreringspolitikken og politikken for inkludering og mangfald på direktoratsnivå. UDI skal bistå både KRD og det nye direktoratet med kunnskap og erfaring under etableringsprosessen. Det nye direktoratet vil ha eigne regionale einingar som i utgangspunktet vil byggje på den noverande regionstrukturen til UDI.

Viktige overordna avgjerder og signal

Det blei fatta fleire viktige avgjerder og lagt fram viktige signal frå myndigheitene på integreringsfeltet i 2004:

- Stortingsmelding nr. 49 (2003–2004) Mangfold gjennom inkludering og deltakelse. Ansvar og frihet.
- Odelstingsproposisjon nr. 33 (2004–2005) Om lov om forbud mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion mv. (diskrimineringsloven). Regjeringas forslag til ny lov mot etnisk diskriminering.
- Odelstingsproposisjon nr. 34 (2004–2005) Om lov om Likestillings- og diskrimineringsnemnda (diskrimineringsombudsloven). Regjeringas forslag til nytt felles handhevingssystem mot diskriminering på ulike grunnlag.
- Regjeringa vedtok å styrkje det offentlege integreringsarbeidet gjennom å opprette Integrerings- og mangfaldsdirektoratet f.o.m. 1.1.2006.
- Regjeringas mål for asylpolitikken er å gje vern til flyktningar. Samtidig var det eit viktig mål å redusere tilstrøyminga av asylsøkjjarar utan behov for vern i 2004.

Kven jobbar i UDI

UDI hadde 783 årsverk i 2004. UDI er ei kompetansebedrift, der 576 medarbeidarar har embetseksamen. Hovudtyngda av UDIs tilsette er i aldersgruppa 30-40 år, totalt 340 personar. Om lag 550 av medarbeidarane har vore i UDI i mindre enn fem år. Blant dei tilsette har 14,1 prosent minoritetsbakgrunn.¹ Sjukefråværet i 2004 var på 7,3 prosent. Det er ein nedgang på 0,8 prosentpoeng samanlikna med 2003.

Likestilling i UDI

523 av dei tilsette i UDI er kvinner, noko som tilsvarer to tredelar. 260 av dei tilsette er menn. Kvinnedelen i leiinga er på 37,5 prosent. Toppleiargruppa følgjer opp likestillingsperspektivet i organisasjonen.

	Menn	Kvinner	Totalt
Toppleiarar	5	3	8
Mellomleiarar	14	20	34
Regionleiarar	8	4	12
Saksbehandlarar	192	411	603
Kontortilsette	41	85	126
Til saman	260	523	783

Grøn stat i UDI

UDI har innført miljøleining som ein integrert del av organisasjonens styringssystem i verksemdplanlegging. UDI har kartlagt påverknaden verksemda har på det ytre miljøet. Kartlegginga har omfatta avfallshandtering, papirbruk og reinhald. Det er etablert miljøpolitikk og miljømål. På bakgrunn av dette og kartlegginga har UDI sett opp ein handlingsplan som skal følgjast opp i 2005.

¹ Definisjonen er personar med to utanlandsfødde foreldre, utanom Norden.

Budsjettet til Utlendingsdirektoratet
Budsjettet til Utlendingsdirektoratet blir vedteke gjennom den årlege statsbudsjett-behandlinga i Stortinget og stilt til disposisjon for direktoratet av Kommunal- og regionaldepartementet gjennom eit tildelingsbrev. I tillegg til budsjett for drifta av direktoratet blir det løyvd betydelege midlar til drift av mottak, busetjing av flyktningar og innvandrarak og løyvingar til enkelte tilskotsordningar.

I tildelingsbrevet blei det samla stilt om lag 4 702 millionar kroner til disposisjon for direktoratet i 2004. Saman med overføringar frå 2003, tilleggsloeyvinga i revidert nasjonalbudsjett, kompensasjon for lønsoppgjer og nysaldering, blei budsjettet for 2004 5 168 millionar kroner. Det innebar ein nedgang i utgiftene over budsjettet til UDI for første gong på fleire år.

Rekneskapen til Utlendingsdirektoratet
Rekneskapen til Utlendingsdirektoratet blir ført etter dei retningslinjene som gjeld for rekneskapsføring for offentlege verksemdar. Det inneber blant anna at alle utgifter, uavhengig av type, skal rekneskapsførast det året dei kjem på (kontantprinsippet). Det inneber igjen at det ikkje blir utarbeidd balanseoversikt for verksemda i vanleg forstand.

Driftsutgifter

Rekneskapen for 2004 viser at det blei brukt 470,8 millionar kroner til drifta av UDI. Lønnsutgiftene utgjorde 301 millionar kroner. Rekneskapstalet for lønn inkluderer totalt 19,1 millionar kroner som i hovudsak er inntektsført refusjon av fødselspermisjonar og sjukepengar.

Driftsbudsjettet til direktoratet blei styrkt med 3,55 millionar kroner i revidert nasjonalbudsjett som ein konsekvens av utvidinga av EU og eit større tal søknader om arbeidsløyve.

For betre å kunne styre og dokumentere ressursbruken internt i direktoratet er det utvikla produktkalkylar som set ein pris på dei ulike eksterne tenestene som blir ytte.


Driftsutgifter for asylmottak

Asylmottak er eit frivillig butilbod for asylsøklarar. Dei enkelte mottaka blir drivne av private eller kommunale driftsoperatørar. Kontrakt blir inngått etter konkurranse. Alle driftsutgifter, ytingar til asylsøklarar til nødvendig livsopphald og andre utgifter som kjem på, blir dekte over budsjettet til direktoratet. Samla utgifter under posten utgjorde 1 546 millionar kroner, mot 1 770 millionar i 2003, ein reduksjon på om lag 13 prosent. Talet på bebuarak i mottak viste ein minkande tendens

gjennom heile året, frå om lag 17 200 ved inngangen til om lag 12 200 ved utgangen av året. Prisen for kvar mottaksplass har i gjennomsnitt endra seg lite samanlikna med 2003, og ligg framleis på noko over kr 100 000 i året per bebuarak.

Busetjing av flyktningar og innvandrarak
Integreringstilskotet er den økonomiske kompensasjonen kommunane får frå staten for å busetje flyktningar og familiane deira. Tilskotet blir utbetalt over fem år frå busetjingsåret. Satsane for tilskotet auka frå totalt kr 376 000 for femårsperioden i 2003 til kr 393 000 i 2004. For 2004 er det rekneskapsført 2 799 millionar kroner, ein auke på 115 millionar jamført med 2003.

Rekneskap	2002	2003	2004
Totale utgifter på ansvarsområdet til UDI	4 794 596 744	5 215 020 120	5 095 169 551
Driftsutgifter UDI trekt frå refusjonar	407 267 964	419 583 105	451 644 651
Av dette lønn trekt frå refusjonar	247 038 026	274 097 923	281 902 388
Av dette dataregister for utlendingar og flyktningar (DUF)	13 703 366	24 794 055	20 013 416
Driftsutgifter statlege mottak	1 658 153 881	1 784 277 851	1 545 701 924
Av dette pengestøtte til bebuarar	481 557 969	525 600 380	449 654 641
Av dette driftsutgifter mottak	1 173 234 886	1 251 047 864	1 088 079 204
Av dette driftsutgifter ordinært	3 361 299	7 629 607	8 010 255
Spesielle driftsutgifter, tolk og omsetjing	72 670 567	46 107 457	25 364 714
Av dette lønn og godtgjering	39 832 640	31 316 878	16 547 589
Busetjing av flyktningar og innvandrarar	2 427 036 769	2 738 239 369	2 873 199 482
Integreringstilskot	2 400 150 779	2 684 152 714	2 798 736 834
Kommunale innvandringstiltak	11 664 346	41 346 082	42 959 000
Kunnskapsutvikling	15 221 644	12 740 573	31 503 648
Tilskot til innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd	24 216 264	24 906 446	25 130 437
Av dette landsomfattande organisasjonar	9 200 000	9 449 995	9 650 000
Av dette lokale innvandrorganisasjonar/frivillig verksemd	12 300 000	12 820 000	12 658 325
Av dette administrativt tilskot	2 716 264	2 636 451	2 822 112
Tilbakevending av flyktningar	12 481 957	8 415 170	10 730 958
Av dette individuell støtte	7 517 127	644 995	1 270 149
Av dette prosjekt/lokal støtte	4 964 830	7 770 175	9 460 809
Statsautorisasjonsordninga for tolkar	1 500 000	100 000	100 000
Transport av flyktningar/reiseutgifter til og frå utlandet	19 857 082	20 822 617	10 350 240
På vegner av Barne- og familiedepartementet	142 487 250	147 774 050	150 206 300
På vegner av Justis- og Politidepartementet			2 740 844



*Tiltrer våren 2005

**Tiltrer 9. mai 2005

***Shahrokh Vahabzadeh fungerer våren 2005

****Tormod Stavenes fungerer til og med mai 2005

Trygve G. Nordby
Direktør



Manuela Ramin-Osmundsen
Assisterende direktør



Svein Erik Bersås
Stabskoordinator,
Staben til direktøren



Geir Løndal
Kommunikasjonsdirektør,
Kommunikasjons- og serviceavdelinga



Tore Dæhlin
Avdelingsdirektør,
Administrasjonsavdelinga



Paula Tolonen
Avdelingsdirektør,
Asylavdelinga



Skjoldvor Fjeldvær
Avdelingsdirektør,
Integreringsavdelinga



Karl Erik Sjøholt
Avdelingsdirektør,
Opphaldsavdelinga



Frode Forfang
Avdelingsdirektør,
Avd. for fagleg strategi og koordinering



Regionkontor Indre Austland

Postadresse: Postboks 1253
2806 Gjøvik

Besøksadresse: Storgata 10
2806 Gjøvik

Telefon: 61 14 65 00
Telefaks: 61 17 08 95

Fylke: Buskerud, Hedmark,
Oppland

Regionkontor Midt-Noreg

Postadresse: 7005 Trondheim

Besøksadresse: Peter Egges plass 2
7005 Trondheim

Telefon: 73 89 24 00
Telefaks: 73 89 24 01

Fylke: Møre og Romsdal, Nord-
Trøndelag, Sør-Trøndelag

Regionkontor Sør

Postadresse: Postboks 647
4666 Kristiansand

Besøksadresse: Slottsquartalet
Tordenskjöldsgate 9
4612 Kristiansand

Telefon: 38 10 60 60
Telefaks: 38 02 04 80

Fylke: Aust-Agder, Telemark,
Vest-Agder

Regionkontor Vest

Postadresse: Postboks 4048
5835 Bergen

Besøksadresse: Bugården 8
5003 Bergen

Telefon: 55 30 09 99
Telefaks: 55 30 09 88

Fylke: Hordaland, Rogaland,
Sogn og Fjordane

Regionkontor Nord

Postadresse: Postboks 683
8508 Narvik

Besøksadresse: Havnegaten 28
8514 Narvik

Telefon: 76 96 58 10
Telefaks: 76 96 58 39

Fylke: Finnmark, Nordland, Troms

Regionkontor Aust

Postadresse: Postboks 8789
Youngstorget
0028 Oslo

Besøksadresse: Youngstorget 1
Oslo

Telefon: 23 35 15 00
Telefaks: 23 31 10 50, 23 31 10 52

Fylke: Akershus, Oslo, Østfold,
Vestfold